

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Møtested: Teams

Dato: 03.12.2021

Tidspunkt: 09:00 – 14:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Reprenterer
Per Magnus Berdal	Leiar	FJORD
Bjarne Eiolf Holø	Nestleiar	LOM
Magnhild Vik	Medlem	RAUMA
Mariann Skotte	Medlem	LESJA
Torbjørn Rødstøl	Medlem	MRFK
Live Langøygard	Medlem	VÅGÅ
Edel Kveen	Medlem	SKJÅK
Ingen Line Flydal	Medlem	RB-VILLREINUTVAL

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Reprenterer
Hans Kristian Enge	Medlem	IFK

Merknader

Styremøte ble gjennomført digitalt på Teams, på grunn av smittesituasjon i Rauma og Vågå.

Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Mari Melbø Rødstøl	Nasjonalparkforvaltar
Kristine Sørli	Nasjonalparkforvaltar
Thomas Rødstøl	SNO

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Per Magnus Berdal
Sign.

Magnhild Vik
Sign.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 54/2021	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 55/2021	Referatsaker Finndalen LVO - Dispensasjon - 2021 - Tilbygg til nyttseterhus på Gubhage seter - Gbnr 159/1/50 - Hans Gubhage		2019/10385
ST 56/2021	Delegerte saker		
DS 78/2021	Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - snødekt mark - transport til hytte ved Søre Storteppeinga - Norvald Marstein		2021/10434
DS 79/2021	Delegert vedtak - dispensasjon - Romsdalen LVO - 2021 - destruering av kampestein som siktforbedringstiltak - Skiri - Bane NOR		2021/9578
DS 80/2021	Delegert sak - Reinheimen NP - Trollstigen LVO - dispensasjon - helikopterflyging - lagring av drivstoff - 2021 -2025 - NVE		2021/9966
DS 81/2021	Delegert vedtak - Reinheimen NP - dispensasjon - 2021 - drone - leting etter sau - Lom samarbeitlag		2021/9600
DS 82/2021	Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - båndtvangbestemmelsene - 2022 - 2025 - taksering av lirype - Lesja heimrast		2021/10708
DS 83/2021	Delegert vedtak - Dispensasjon - Reinheimen NP - Motorferdsel - 2021 - helikopter til Torsbu - DNT Oslo og Omegn		2021/11517
DS 84/2021	Delegert vedtak - Dispensasjon - Reinheimen NP - Finndalen LVO - 2021 - drone leting etter sau - Skårvangen beitelag		2021/9611
ST 57/2021	Trollstigen LVO - dispensasjon - motorferdsel - bru - reparering av flomskadet sti - Kløvstien - Rauma kommune		2021/10689
ST 58/2021	Klage på vedtak - dispensasjon til oppsetting av vindmølle på Sterringen seter, gbnr 159/1/84, i Finndalen landskapsvernområde		2020/12486
ST 59/2021	Klage på vedtak - dispensasjon til inngjerding av seterhus og bygging av platting gnr/bnr 159/1/59 i Finndalen LVO		2021/9170
ST 60/2021	Finndalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - 2022 - oppsetting og tilsyn av jervebås i Lauvli under lisensjakta - Arild Fallinggen		2021/11727
ST 61/2021	Trollstigen LVO - dispensasjon - plassering av posterings- og jaktbu på jerv i Steindalen- Valldal og Fjørå beitelag		2020/8174

ST 62/2021	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Behov for midler til tiltak, driftsmidler og SNO ressurs - 2022	2021/11909
ST 63/2021	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - møteplan 1.halvår 2022	2021/893
ST 64/2021	Orienteringar	

ST 54/2021 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 03.12.2021

Vedtak

Protokollen frå styremøte 24.09.21 er godkjent. Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Magnhild Vik vart vald til å signere protokollen saman med styreleiar.

ST 55/2021 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 03.12.2021

Orientering og byggesak – tilbygg seterhus Gubhage seter på Breidstulen i Finndalen Ivo

Vedtak

Referatsaker vart teke til orientering.

Finndalen LVO - Dispensasjon - 2021 - Tilbygg til nyttseterhus på Gubhage seter - Gbnr 159/1/50 - Hans Gubhage

ST 56/2021 Delegerte saker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 03.12.2021

Vedtak

Delegerte saker vart teke til orientering.

DS 78/2021 Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - snødekt mark - transport til hytte ved Søre Storteppinga - Norvald Marstein 2021/10434

DS 79/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Romsdalen LVO - 2021 - destruering av kampestein som siktforbedringstiltak - Skiri - Bane NOR 2021/9578

DS 80/2021 Delegert sak - Reinheimen NP - Trollstigen LVO - dispensasjon - helikopterflyging - lagring av drivstoff - 2021 -2025 - NVE 2021/9966

DS 81/2021 Delegert vedtak - Reinheimen NP - dispensasjon - 2021 - drone - leting etter sau - Lom samarbeitlag 2021/9600

DS 82/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - båndtvangbestemmelsene - 2022 - 2025 - taksering av lirype - Lesja heimrast 2021/10708

DS 83/2021 Delegert vedtak - Dispensasjon - Reinheimen NP - Motorferdsel - 2021 - helikopter til Torsbu - DNT Oslo og Omegn 2021/11517

DS 84/2021 Delegert vedtak - Dispensasjon - Reinheimen NP - Finndalen LVO - 2021 - drone leting etter sau - Skårvangen beitelag 2021/9611

ST 57/2021 Trollstigen LVO - dispensasjon - motorferdsel - bru - reparering av flomskadet sti - Kløvstien - Rauma kommune

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 03.12.2021

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Med heimel i verneforskrift for Trollstigen landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 k), får Rauma kommune dispensasjon til å rive brua som er delvis tatt av flaum og til å sette opp ei ny bru like ovanfor. Med heimel i naturmangfaldlova § 48, får Rauma kommune løyve til naudsyn motorferdsel for å frakte bru og reparere den flomøydelagde stien nedanfor den nye brua (jmf kart i saksutgreiinga).

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Tiltaket skal gjennomføres i løpet av 2022.
- Bruk av motorisert ferdsl skal minimeres for å unngå terrengskade.
- Køyretrase går via traktorvegen frå parkeringsplass på Kløvstien til problemområdet skissert i søknaden. Gravemaskin fraktes på henger og kan benyttes i omsøkt område, på eksisterende sti (frå ny bru og ca 100 m nedanfor).
- Brua skal lages av lokal kjerneved og følgje skisser som lagt ved saksutgreiinga.
- Køyring skal ikkje skje på våt mark.
- Den gamle brua skal fraktast ned og kreosotstokkane må forsvarleg handterast på miljøstasjonen. Alt av materialar og utstyr skal ryddast ut av området når arbeidet er utført.
- Tilrettelegginga skal utførast med vekt på omsyn til naturmiljøet og tilpassing til landskapet.
- I forkant av tiltaket skal SNO ved Thomas Rødstøl (tlf: 915 47617) kontaktes for å kunne bli med og gje råd når arbeidet starter.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Trollstigen landskapsvernområde. Det vert gjort merksam på at tiltaket også må avklarast med grunneigar.

ST 58/2021 Klage på vedtak - dispensasjon til oppsetting av vindmølle på Sterringen seter, gbnr 159/1/84, i Finndalen landskapsvernområde

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 03.12.2021

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Reinheimen tek ikkje klaga frå Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel til følgje.

Det er ingen nye moment i klaga som gir grunnlag for at Nasjonalparkstyret for Reinheimen skal endre på sitt vedtak i styresak 43/2021, om å gje dispensasjon til å sette opp ei mindre vindmølle i tunet på Sterringen seter, fnr. 84, i Finndalen landskapsvernområde.

Klaga med alle saksdokument vert sendt miljødirektoratet for endeleg avgjersle.

ST 59/2021 Klage på vedtak - dispensasjon til inngjerding av seterhus og bygging av platting gnr/bnr 159/1/59 i Finndalen LVO

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 03.12.2021

Det vart lagt fram følgjande forslag til vedtak frå styreleiar til møte:

Nasjonalparkstyret for Reinheimen tek ikkje klaga frå Statsforvalteren i Innlandet til følgje.

Det er feil det som står i klaga om at det er ein platting på 35 m2. Plattingen er på om lag 9 m2 og er innanfor eit gjerde som i same sak har blitt gjeve dispensasjon til å sette opp. Gjerde er ganske tett og gjev lite eller ikkje innsyn. Skal ein sjå plattingen frå utsida må ein heilt inn til gjerdet. Så styret kan ikkje sjå at dette endrar landskapsbilete og går utover verneverdiane i Finndalen. Utifrå dette og saka si tidlegare handsaming, før den kom til Nasjonalparkstyret, ønskjer ein ikkje å endre på vedtaket.

Styret er merksam på spørsmålet om presedens. Men utifrå saka sin karakter er ikkje dette tungtvegande nok. Nasjonalparkstyret tek med seg innspela frå Statsforvalteren om liknande saker skal kome opp.

Klaga med alle saksdokument vert sendt miljødirektoratet for endeleg avgjersle.

Forslaget frå styreleiar var vedteke med 7 mot 1 stemme.

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Reinheimen tek ikkje klaga frå Statsforvalteren i Innlandet til følgje.

Det er feil det som står i klaga om at det er ein platting på 35 m2. Plattingen er på om lag 9 m2 og er innanfor eit gjerde som i same sak har blitt gjeve dispensasjon til å sette opp. Gjerde er ganske tett og gjev lite eller ikkje innsyn. Skal ein sjå plattingen frå utsida må ein heilt inn til gjerdet. Så styret kan ikkje sjå at dette endrar landskapsbilete og går utover verneverdiane i Finndalen. Utifrå dette og saka si tidlegare handsaming, før den kom til Nasjonalparkstyret, ønskjer ein ikkje å endre på vedtaket.

Styret er merksam på spørsmålet om presedens. Men utifrå saka sin karakter er ikkje dette tungtvegande nok. Nasjonalparkstyret tek med seg innspela frå Statsforvalteren om liknande saker skal kome opp.

Klaga med alle saksdokument vert sendt miljødirektoratet for endeleg avgjerse.

ST 60/2021 Finndalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - 2022 - oppsetting og tilsyn av jervebås i Lauvlia under lisensjakta - Arild Fallingen

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 03.12.2021

Retting av pkt. 2 i vedtaket:

- motorferdsel med snøskuter for utkøyring og nødvendig tilsyn med jervebåsen i samband med lisensjakt for jerv.

Samrøystes som innstilling, med retting i pkt.2

Vedtaket

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, får Arild Fallingen og Arild Svare dispensasjon til følgjande tiltak:

1. plassering av ein jervebås i Lauvlia
2. motorferdsel med snøskuter for utkøyring og nødvendig tilsyn med jervebåsen i samband med lisensjakt for jerv.
3. motorferdsel med snøskuter for transport av jerveåte til Arild Fallingen si seter på Sterringen.

Det er ikkje heimel i verneforskrifta til å gje motorferdselløyve til persontransport i samband med åtejakt på jerv.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjonen er gjeve for lisensjaktsesongen 2021/2022.
- Løyvet gjeld for inntil 10 turar samla, med nødvendig motorferdsel til jervebåsen for å rette opp eventuelle feil i elektronikk/kamera eller ved melding om dyr i båsen.
- Løyvet gjeld for 4 turar for frakt av jerveåte til setra ved Sterringen.
- Køyretrasè er frå vernegrensa ved Nordre Klomsrobekken langs Finndalsvegen til Sterringen.
- Jervebåsen skal plasserast slik at den ikkje synes langs sti og veg, både på sommarstid og vinterstid.
- Køyring i verneområda skal avgrensast til det strengt nødvendige for å unngå unødvendig forstyrring av dyrelivet.
- Utfylt køyrebok, som er felles for både Fallingen og Svare, og dispensasjon skal vera med på turen.

- Køyrrapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 5. juni på følgjande skjema: http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen_dok/Rapporterings skjema_motorferdsel.pdf

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta og naturmangfaldlova. Det vert gjort oppmerksom på at løyve til motorferdsel med snøscooter og må avklarast med Vågå og Lom kommune og grunneigar jf. «Lov om motorferdsel i utmark».

ST 61/2021 Trollstigen LVO - dispensasjon - plassering av posterings- og jaktbu på jerv i Steindalen- Valldal og Fjørå beitelag

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 03.12.2021

Styrelieiar la fram eit alternativt forslag til vedtak:

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Valldal og Fjørå beitelag v/Hans Martin Gjedrem dispensasjon til å sette opp posterings- og jaktbu i Steindalen i samband med lisensfelling / skadefellingsløye av jerv.

Vilkår:

- 1. Posterings- /jaktbua skal vere 1,7 x 1,3 m, med takhøyde 1,6 m, utforma som eit enkelt skjul med kikkertopning på eine langveggen.*
- 2. Taket skal ha tre eller torv som tekkemateriale. Bua skal vere gråfarga og inntil veggane må det delvis dekkast til med stein slik at bua i størst grad blir skjult i terrenget.*
- 3. Byggverket skal fungere som posterings- og jaktbu i samband med lisensfelling/skadefelling av jerv.*
- 4. Bua skal plasserast 2 km innafor vernegrensa til Trollstigen lvo i og ca 500 meter frå grensa til Reinheimen nasjonalpark. Jfr kart i saksutgreiinga.*
- 5. Jaktbua skal fjernast når det ikkje er behov for den lenger i jaktsamanheng.*

Utmarksbeiting er ein viktig faktor for å oppretthalde naturverdiane i verneområdet, der eit variert biologisk mangfald er ein vesentleg del av formålet. Nasjonalparkstyret er kjent med skadane rovdyr gjer i området, og ser med uro på om beitinga skal opphøyre. Også uttalane frå grunneigar, beitelag og Statsforvaltar er tatt med i vurderinga for å gje dispensasjon. Ein viser og til prosjektet effektiv jervjakt på østsida i verneområdet.

Styret har og vurdert søknaden opp mot spørsmålet om presedens i slike saker og finn at evt liknande saker må handsamast individuelt.

Etter ei totalvurdering er fordelane med dispensasjon større en ulempene og tiltaket vil ikkje forringe verneformålet.

Forslaget frå styrelieiar vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Valldal og Fjørå beitelag v/Hans Martin Gjedrem dispensasjon til å sette opp posterings- og jaktbu i Steindalen i samband med lisensfelling / skadefellingsløye av jerv.

Vilkår:

- 1. Posterings- /jaktbua skal vere 1,7 x 1,3 m, med takhøyde 1,6 m, utforma som eit enkelt skjul med kikkertopning på eine langveggen.*

2. Taket skal ha tre eller torv som tekkemateriale. Bua skal vere gråfarga og inntil veggane må det delvis dekkast til med stein slik at bua i størst grad blir skjult i terrenget.
3. Byggverket skal fungere som posterings- og jaktbu i samband med lisensfelling/skadefelling av jerv.
4. Bua skal plasserast 2 km innafor vernegrensa til Trollstigen Ivo i og ca 500 meter frå grensa til Reinheimen nasjonalpark. Jfr kart i saksutgreiinga.
5. Jaktbua skal fjernast når det ikkje er behov for den lenger i jaktsamanheng.

Utmarksbeiting er ein viktig faktor for å oppretthalde naturverdiane i verneområdet, der eit variert biologisk mangfald er ein vesentleg del av formålet. Nasjonalparkstyret er kjent med skadane rovdyr gjer i området, og ser med uro på om beitinga skal opphøyre. Også uttalane frå grunneigar, beitelag og Statsforvaltar er tatt med i vurderinga for å gje dispensasjon. Ein viser og til prosjektet effektiv jervjakt på østsida i verneområdet.

Styret har og vurdert søknaden opp mot spørsmålet om presedens i slike saker og finn at evt. liknande saker må handsamast individuelt.

Etter ei totalvurdering er fordelane med dispensasjon større en ulempene og tiltaket vil ikkje forringe verneformålet.

ST 62/2021 Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Behov for midler til tiltak, driftsmidler og SNO ressurs - 2022

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 03.12.2021

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Reinheimen ber om at forvaltar melder inn følgjande tiltak til budsjettposten 1420.31 (midler til tiltak 2022) i ESS:

Namn	Tiltakstype	Verneområde	Beløp
Skjøtsel med Nofence på geit	Beiting- og/gjerding for bufe	Finndalen lvo	70 000
Skjøtsel med slått på Bjøknesetra	Slått og rydding	Lordalen lvo	20 000
Skjøtsel med slått på Selen, Gravdehaug, Brøstdalen og Vermedalen	Slått og rydding	Romsdalen lvo	100 000
Slettvikane	Oppføring av innfallsport/P-plass, do og infotavle	Reinheimen np	400 000
Kløvstien i Isterdalen (Ved Trollstigen)	Utvidelse og grusing av parkering, 4 bruer, rasteplass, utedo, bålplass, gapahuk	Trollstigen lvo	630 000
Prosjektering Trollveggen infopunkt, og natursti	Natursti og infopunkt	Reinheimen np	200 000
Vedlikeholdsarbeid - innfallsporter /infopunkt, trykking av nye infoplakater jf. besøksstrategi	Vedlikehold av innfallsporter og infopunkt, jf. besøksstrategi	Reinheimen np	100 000
4 Ferdsestellere, Billingen, Kløvstien, Asbjørnsdalen	Oppfølging besøkstelling	Reinheimen np	1
Brukerundersøkelse i Reinheimen	Besøfsforvaltning	Reinheimen np	350 000
SUM			1 870 001

Nasjonalparkstyret ber om at forvaltar melder inn behov for midlar frå budsjettposten 1420.21 i ESS, til å dekke drift av nasjonalparkstyret for Reinheimen i 2022.

Driftsmidlane til nasjonalparkstyret skal kunne dekke minimum 4 fysiske møter, evt. synfaringer, elektroniske møte / møte i AU-Reinheimen, aktuelle konferanser, evt. nasjonalparkkonferansen. Driftsbudsjettet skal også dekke minimum møte med rådgjevande utval og administrativt fagutval, lokale møte i samband med skjøtselstiltak og evt gjennomføring av tiltak i besøksstrategien.

Vedlagde skjema for bestilling av SNO-ressurs til Reinheimen 2022, skal sendes på e-post; postmottak@miljodir.no innan 10.januar 2022.

Etter tildeling av budsjettmidler til Reinheimen i 2022, skal nasjonalparkstyret for Reinheimen behandle den endeleg prioritering av tiltak, for gjennomføring i 2022.

ST 63/2021 Nasjonalparkstyret for Reinheimen - møteplan 1.halvår 2022

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 03.12.2021

Styre drøfta forslag til møteplan for fyrste halvår 2022, og konkluderte med at fredag framleis er aktuell møtedag. Teams fungerer etter kvart godt, og kan med fordel nyttast når det ikkje er behov for synfaringar.

Nasjonalparkkonferansen 27.-28.april og årskonferansen for Norges nasjonalparkkommunar 7.-9.juni, kolliderer for fleire, og styremøte i samband med desse arrangementa går ut. I staden er det forslag om å kalle inn til styremøte og møte i rådgevinge utval 31.mars-1.april. Siste møte før sommarferie er foreslått 17.juni.

Vedtak

Møtedato for 1.halvår 2022:

1. 25.februar – Teams
2. 31.mars – 1.april Åndalsnes (styremøte kombinert med rådgevinge utval)
3. 27.-28.april – *Nasjonalparkkonferanse i Trondheim (påmelding)*
4. 20.mai – Teams
5. 7.-9. juni – *deltaking på årskonferansen for Norges nasjonalparkkommunar*
6. 17.juni – fysisk møte med synfaring

Med atterhald om evt. endringar.

Møtedatoar for 2. halvår 2022, vert lagt fram på styremøte før sommarferien.

ST 64/2021 Orienteringar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 03.12.2021

Kort info. fra forvaltarar:

- Villrein på rødlista <https://artsdatabanken.no/lister/rodlisterforarter/2021/>
- Besøksforvaltning – samarbeid med kommunen og reiselivet både
- Møte med miljødirektoratet om oppfølging av besøksstrategi mm 22.11.21
- Møte med Administrativt kontaktutval for Reinheimen, Lesja 17.11.21. Fjord kommune og repr. frå fylkeskommunane deltok ikkje.

Langtidsparkering på Trollstigplatået v/Magnhild Vik

Det er utfordringar med parkeringskapasitet på Trollstigplatået, og det er av den grunn eit ønskje om avklaringar med fleire aktørar inkl. forvaltning, knytt til parkeringsbehovet. Det er også informasjon om at det er planar for utviding av parkering. Magnhild har fått i oppdrag å lufter dette med styret og kalle inn til eit møte på nyåret. Styret og forvaltarar er kjent med problemstillinga, og er positive til initiativet.

Vedtak

Informasjon tatt til orientering.